




NR 1, 2026 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 94. ÅRG

I dette nummeret
kan du lese om:

- Krossen som symbol
- Konfirmantweekenden
på Alværa
- Fasteaksjonen
- Ansvar for kransane
på grava

God påske!



HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Layout og trykk: Printfarm AS

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 10089



KORLEIS NÅR KYRKJA DEG?

Det er gjerne eit litt unødige spørsmål til deg som no sit og les i Helgestunder. Likevel; dette er ei utfordring for kyrkja, både sentralt og lokalt, og også redaksjonen i kyrkjebladet må drøfte dette med jamne mellomrom. Korleis nå fram dit me vil - med det me vil?

For ein redaksjon kan det vere praktiske spørsmål om stofftilfang, økonomi og utgjevingssfrekvens, medan det for kyrkja elles kan vere formidling av evangeliet, og/eller tilbod om dei mange aktivitetar kyrkja vil gje deg i ulike livssituasjonar. Spørsmålet har nok ingen enkle og eintydige svar, like lite som livet alltid er enkelt.

Alle opplever me ein enorm informasjonsflyt i dei mange kanalar, podkastar og sosiale media av alle slag me til dagleg omgjev oss med. Kva fortel dei oss? Korleis klarar me å sortere ut kva som er rett og gale, og kva som er viktig å vite? Kvar hentar me opplysningar om saker og tilskipingar som kan ha interesse for oss?

Du som les dette bladet er gjerne ein av dei som aktivt oppsøker kyrkja, og som veit kvar informasjon om kyrkjeleg aktivitet elles er å finne. Så er ikkje kunngjeringsane «på kyrkjebakken» lenger nok for å nå ut til folket.

For ein kvar som vil yte noko for andre, så vert spørsmålet difor dette: Kva skal til for å nå den målgruppa me vil møte og få i tale? Kunngjeringsar, plakatar, annonsar, facebook eller andre sosiale media?

Du som les dette er viktig for oss framover. Framsnakk stadane der du finn din informasjon om kyrkjeleg aktivitet. Send også gjerne eigne artiklar til Helgestunder! Og like verdifullt; send idear og innspel til redaksjonen og/eller kyrkjekontoret. Kvar når ein best folket i bygdene våre, og får fortalt kva kyrkja vår gjer og står for?

Me nærmar oss no den største høgtida i kyrkja. Få med deg det viktigaste der!

God påske!
Redaksjonen

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thrane gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Renate Ø. Dale

Jobbmobil: 404 58 649
E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik

Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal
Mobil: 908 94 788
E-post: IF267@kyrkja.no

Kyrkjevevje: Stig Jonny Fitje

Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no

Organist: Peter T. Jobbagy

Mobil: 909 84 617
E-post: PJ@kyrkja.no

Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm

Mobil: 454 40 644
E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
Bjordal og Ortnevik: Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellelsråd:

Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar

Kyrkjebø, Vadheim og Høyanger:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

PÅSKELATTER OG PÅSKEEGGJAKT VED KYRKJA



Alle er glade i å jakte på påskeegg. Ja, mest glade er sjølsagt barna, men gleda held seg gjerne i livet til dei vaksne også. Og dei gler seg størst i gleda barna har. Jakte på og å finne påskeegg er noko morosamt og fint – og det er heilt greitt å bli litt som barn att på påskemorgonen og delta i påskeeggjakta. Påskeeggjakta på påskemorgon rundt kyrkja i Høyanger hadde vi i fjor som høgedepunkt for barna som var der. Og dette skal bli i år også. Men kvifor jakter eigentleg barna på påskeegg? Og passer det eigentleg til kristen påskefeiring?

I påska minnst vi Jesus Kristus si liding og død og feirar hans oppstode. Påskefeiringa i Noreg (og i mange andre, særleg lutherske land) fokuserte mest på den første halvdel – og var i kon-

sekvens prega av sorg og alvor. Men det passer godt med glede og leik og latter for å feire Kristi oppstode og nytt liv på påskemorgonen.

Påskelatteren (på latin *risus paschalis*) har vore ein gamal tradisjon i kyrkja frå mellomalderen. Presten fortalte vitsar og morsame småhistorier – i preika! – og kyrkjelyden svarte med latter og trampeklapp. Bakgrunnen er at vi kan le av døden som vart narra av Kristus då han sto opp frå dei døde. Og det fanst ballspel og dans i kyrkja (!) også i påskena som uttrykk for det uhøyrte som skjedde då.

Lattermild humor pregar allereie påskeevangeliet: To av læresveinane spring om kapp til grava. Og dei leitar og jaktar etter han

som var gravlagd der, Jesus. Som ein slags påskeeggjakt. Men dei finn han ikkje. Berre kleda hans. Som eggaskalet. Han sjølv finn dei ikkje, han er vekke. Og Maria Magdalena møter den oppstadne personen, men kjenner han ikkje att men trur han er gartnaren! Det er berre til å le av.

Påske det er ikkje berre ei historisk eingongshending. Kristus er starten på ei ny skapning vi skal bli del av. *Dei som er i Kristus, er ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!* (2 Kor 5, 17)

Påskeegg er det ikkje snakk om i bibelen. Men dei kan vere symbol på oppstode og nytt liv vi er invitert til å tru på i påska. Lukke til med påskeeggjakta!

Andreas Ester sokneprest

KROSSEN SOM SYMBOL FOR DØD OG LIV



Krossen var i utgangspunktet instrument for brutal tortur og eksekusjon. Å døy på krossen var den djupaste fornedringa og mest brutale fysiske straffemetoden i Jesu tid. Og så ble krossen i ettertida til det sentrale symbolet i kristen tru, eit symbol på alt vi trur på, og det mest brukte symbolet i heile verda, blei det sagt. Korleis er det mogleg?

Liding og død. Dømt som forbrytar, utsett for det ytste av smerte og liding, håplause, fortvilning, dødsangst og til slutt nådelaust og utan utveg å bli fråtatt livet. Jesus går inn i alt dette, tar på seg det verste eit menneske kan bli ramma av. At eit menneske frivillig og bevisst kunne velje å ta på seg denne type død, det var heilt uhøyr. Ser vi krossen i dag, så ser vi samstundes gudeleg storleik i alt dette. Hans død er større, snur opp ned på alt som var før. Det som måtte gøymast bort før, at nokon døydde på grunn av ein slik dødsstraff, det blei vist oftare enn alt anna i verdshistoria. For å vere presis: det tok i realiteten fleire hundre år før dei kristne sjølv våga å framstille krossen i kunst. Og den historiske krossen var kanskje ikkje ein gong krossforma, nemleg eit kryss, altså to bjelkar

som kryssar kvarandre, men likna meir på storbokstaven «T». Men uansett inneber kross-symbolet desse to som møtes, det vassrette, horisontale og det loddrette, vertikale: jorda og det medmenneskelege og Gud og retninga mot himmelen.

Oppstode og nytt liv. Dette er det største skiftet i kristen tru: at krossen også blir til symbol på oppstoda og nytt liv. Og dette ikkje berre i tillegg etterpå men vi kan sjå allereie på krossen, i krossen og døden sjølv at Kristus sigrar over døden. Dette paradoksale skiftet viser krusifikset vi har i Kyrkjebø kyrkje, hengande under taket. Ein overraska plassering eigentleg, ingen kan unngå å sjå han. Tornekrona er omforma til gyllen kongekrone. Armane hans og ansiktsuttrykket er ikkje prega av ein vond død lenger. Han ser heller ut som sovande, heilt avslappa, klar til å vakne, armane er opna for å omfamne oss. Døden er ikkje døden lenger men liv for oss. Teiknet for den verst tenkelege døden blir tolka om til symbol for håp og kjærleik og nytt liv. Eit symbol for alt i kristen tru.

Andreas Ester sokneprest

MIN PÅSKESALME

Min favoritt mellom påskesalmar er den kjende salmen «Deg være ære». Når denne songen vert sunge i samband med påska, får det meg alltid til å kjenne på høgtid, same kor mange eller få vi er som syng.

*Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!*

*/: Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.:/*

*Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger.
Kristus Herre er!*

Om kved

*Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

Om kved

Teksten i songen er fokusert på sjølv kjerna i påskebodskapen: at Jesus er Herre over «dødens makt», og at døden for evig er underlagt han. I siste verset finn vi denne teksten: «Frykt ikke mere! Evig er han med. Troens øye ser det: Han gir liv og fred». Han har vunne over døden ein gong for alle, og det gjer at vi kan leggje av oss frykt og uro og ta imot liv og fred. Det gjev oss all grunn til å stemme i ein høgtidssong – som det står i andre verset: *Pris Ham alle tunger, Kristus Herre er!*

God påske!

*Camilla Merkesvik Ådland
Soknerådsleiar Bjordal og Ortnevik*



Temasamtalar, kva er det?

Soknerådet har i fleire rundar drøfta korleis me kan få i gang samtalar om tru og tvil, og alt det som måtte liggje i mellom dette. Kanskje manglar me arena for slike samtalar? Me tenkjer at kanskje går nokon rundt utan å kunne snakke med andre om slike «ikkje-kvardagslege» spørsmål, og spørsmål som likevel gjerne er nettopp det; i kvardags-tankane til den/dei det gjeld. Me vil freiste å skape ein slik møteplass.

Ei samtale ved kyrkjekaffien, der temaet vert lyfta fram, og den som vil kan seie sitt. Tema som alle møter før eller sidan, og slik har allmenn interesse. Sorg var eit naturleg emne rett etter minnegudstenesta sist haust. Kva tenkjer du rundt nattverden var tema rett etter årsskiftet. Responssen har avgjort vore der, litt undrande og udelt positiv. Fleire temasamtalar vil det verte framover, så fylg med på gudsteneste-plakaten!

Kyrkjebø sokneråd

Hjelp barn i hjem med rus



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!



Blå Kors

Gi din gave
på **Vipps 936679**



KAMPKVELD, BØN OG BIBELDRAMA KONFIRMANTWEEKEND PÅ ALVÆRA

Ei intens helg med mange ulike inntrykk då ein gjeng med 40 konfirmanter frå heile Høyanger kommune pluss dei frå Hyllestad var samla på Alværa i januar. Inger Cesilie Fitje og Andreas Ester frå Høyanger saman med prest Karl Hjelmeland og Mona Rosvold frå Hyllestad hadde det lokale ansvaret, i tillegg var to unge leiarar frå Bergen med i teamet i år, Johanne Maria Hageberg Storevik med mannen sin Kristian. Fotoa formidlar litt frå leiren. Johanne vil vi presentere med eit lite intervju. Ein stor takk til Johanne og Kristian, likeså til foreldra som stilte som nattevakter! Kjempeskjett at så mange foreldre blei med på avslutninga på søndag 25. med fin gudsteneste og nydeleg kyrkjekaffi etterpå!

Kan du fortelje litt om jobben du har til dagleg?

Jeg jobber i KFUK-KFUM som programkoordinator i Vest-Sør, og jobben min er kort fortalt å lage de arran-





gementene ungdommene i området trenger og ønsker seg. Leirer, festivaler, kurs, undervisning og seminarer. Derfor er det en god blanding av å sitte på kontor for å forberede og jobbe mot arrangement, og deretter dra ut og gjennomføre dem. Jeg får også reise litt rundt til ulike menigheter i området og bidra med det de ønsker og trenger. Dette liker jeg veldig godt, og håper jeg får gjøre mer av!

Kva er din motivasjon for å jobbe i kyrkja?

For meg er kirken trygghet, frihet, ro og påfyll. Dette ønsker jeg å gi videre til ungdommene som i dag lever i en verden og et samfunn som i stor grad er preget av det motsatte. Og kanskje viktigst av alt ønsker jeg å både dele og være en del av det store fellesskapet. Alle trenger å høre til et sted, mennesker trenger mennesker. At kirken kan være et sted der alle mennesker er velkomne synes jeg er ganske fantastisk. Det handler ikke om prestasjon, men relasjon og kjærlighet. Ungdommer fortjener å kjenne at de er bra nok og bli heiet på, og det vil jeg jobbe for at flest mulig skal få oppleve.

Korleis opplever du ungdommane i dag?

Ungdommer i dag er smarte og reflekterte på en fantastisk og frustrerende måte. De får med seg enormt mye av det som skjer i verden via sosiale medier, og kan derfor ofte mye om det meste. Men jeg tror veldig på at det er en forskjell på å høre en "sannhet" fra TikTok, og å finne ut av hva som er sant for en selv gjennom erfaring, samtale og fellesskap med andre. Og dette er det ikke alltid så lett å overbevise ungdommene om. Det mest frustrerende er kanskje at det kan være vanskelig å fange interessen deres og nå inn til dem, da man alltid konkurrerer med andre tilbud (mobil, sosiale medier, fritidsaktiviteter osv.). Men når man først får kontakt,

samtale og klarer å bygge en relasjon med ungdommer er det nesten litt magisk, og jeg føler meg veldig heldig hver gang det skjer.



Kva likte du best å gjere saman med konfirmantane på Alværa?

Jeg synes det var kjempekjekt å leke med ungdommene og introdusere dem for kampkveld-konseptet! Det var gøy å se at de ble tryggere på hverandre og dermed turte å gi mer av seg selv utover helgen. Men det fineste var samtalene som skjedde i de litt mindre gruppene og en til en, når vi delte måltid, spilte kort, hadde guds-tjeneste-verksted og i mellomrommene på leiren. Her skjedde så mye fint som jeg tar med meg videre i hjertet, og smiler når jeg tenker på. Jeg er utrolig takknemlig for tiden vi hadde sammen på leir, og håper å møte alle sammen igjen!

Foto og tekst: Andreas Ester og Johanne Maria Hageberg Storevik

Årsmeldinga for Kyrkjebø sokn

Kyrkjelyden sitt årsmøte vart avvikla i starten av mars, og frå meldinga som vart lagt fram i møtet kan me sakse fylgjande: Kyrkjelege aktivitetar er på det jamne. Me noterer oss med glede at oppslutnaden om konfirmasjon i kyrkja er på tilnærma 100 % - også siste året. Eit anna positivt trekk er det samarbeidet som gjennom året har vore med skuleklassar på vitjing i kyrkja og julespelet i adventstida. Den imponerende dugnadsinnsatsen som stadig vert gjort i- og rundt kyrkjene og på gravplassane vart markert med ei medarbeidar-samling i fjor – vellukka! Sameleis vart Nynorsk salmebok sine 100 år markert, og opplegget rundt opa kyrkje nokre onsdagar om sommaren vart vidareført i 2025, og vonleg også framover. Soknerådet takkar for all stønad, og dette året især Saniteten og lokalavisa Ytre Sogn.

Kyrkjebø sokneråd

FASTEAKSJONEN 22.-24. MARS

REINT VATN HAR ENDRA LIVET

Norske kyrkjelydar sin innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kannar, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familien her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydar sin innsats i fasteaksjonen kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partna-



Når du les dette har du kanskje ein av dei siste dagane hatt besøk av ein ungdom eller ein friviljug medarbeidar i kyrkjelyden med innsamlingsbøsse. Konfirmantane i kommunen er saman med sokneråda med i den årlege innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Saman med kyrkjene i Norge arbeider KN med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman jobbar ein for fred og rettferd, og for å redde liv.

Du kan støtte arbeidet ved å nytte VIPPS til 2426 eller kontonummer 15942287493.

ren Action for Development (AFD). Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost. – Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vass ekspert ved Kirkens Nødhjelp sitt landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordover-

flata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten. – Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

*Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland*



Desse oppgåvane er henta frå bladet.

**Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00**



Desse to bilde er nesten heilt like. Klarar du å finne 5 feil på det eine bildet?




Teikning: Trevor Keen



- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.

Labyrinth

Sakkeus var ein av dei som møtte Jesus då Jesus gjekk omkring på jorda. Hjelp Sakkeus med å finne vegen gjennom treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

הכנה

Det mystiske agentalfabetet:

(Handwritten alphabet example)

A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å
---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---

Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.

SNEKKAR ERLING OG PROSESJONKROSSEN

Inger Cesilie Fitje

I siste nummer av Helgestunder hadde vi ein større reportasje frå 100-årsjubileet til Ortnevik kyrkje. Som det kom fram her fekk kyrkja ei spesiell gåve til jubileet; ein prosesjonskross. Krossen er laga av Erling Bjordal, og vart teken i bruk i samband med festgudstenesta i oktober. Erling var til stades denne dagen og fekk takk og helsing frå soknerådet. Både soknerådet og redaksjonen i Helgestunder ønskte derimot å få vite litt meir om den flotte gåva, og slik gjekk det til at undertekna ein kald, men flott januardag fekk gleder av å besøke Erling og Gunlaug i heimen deira i Bjordal.

Dei to er tydeleg glade for besøk, og Gunlaug serverer kaffi, nysteikte vaflar, lefser og kaker frå bursdagsfeiring veka før.

Erling har nådd ein høg alder og har vore pensjonist i snart 20 år. Bak seg har han eit langt yrkesliv som snekkar, og han likar framleis å halde på i «snekkarboda» si. Når det er så kaldt som det har vore denne vinteren, er det derimot ikkje råd å halde på her, og han ser derfor fram til varmare dagar og det å kunne bruke hendene til å skape noko.

Som liten gut fekk Erling hammar og sag i gåve frå ein av fadrane sine. Dette var midt i blinken for den vesle guten! Ja, kanskje vart gåva med og forma Erling sitt yrkesval, eit val han aldri har angra på. Utdanning i snekkarfaget fekk han på yr-



kesskulen på Voss, og seinare venta arbeid som snekkar heime i Bjordal.

Opp gjennom åra har Erling sett opp mange løer og hus, og han har vore med og bygd både grendehuset i Ikjefjord og bygdetunet på Søreide. Ja, frå kjøkkenvindauge kan han sjå 15 hus som han har vore innom og utført ulikt arbeid på. Det siste store prosjektet han hadde ansvar for kan han derimot ikkje sjå frå kjøkkenvindauget, huset til Sissel og Geir Sørebo på Sørebo.

I ein lengre periode arbeidde Erling også som snekkar på BKK sitt anlegg i Bjordalsfjella. Her var han anleggsformann for snekkarane, og det var mykje å ta tak i. Tankane går ofte tilbake til tida og arbeidet her. Eit arbeid som slett ikkje var ufarleg.

Frå 1993 til 2009 var Erling kyrkjetenar i Bjordal kyrkje. For Erling var dette eit meningsfullt og gjevande arbeid, og han fortel

at han fekk med seg to store hendingar; 100 årsjubileet til kyrkja og ordinasjon av Silje Sørebo som prest.

Og kanskje var det nettopp gjennom arbeidet i kyrkja at Erling kom i tankar om at det hadde vore fint å ha prosesjonskross i kyrkjene våre. Prosesjonskross vart mykje nytta i mellomalderen, men etter reformasjonen forsvann bruken av slike kross heilt. I siste halvdel av 1900-talet vart bruken derimot teken opp att, og prosesjonskrossen blir i dag gjerne brukt på dei store festdagane eller ved spesielle høve som dåp eller på familiegudstenester.

Den første prosesjonskrossen Erling laga var til Bjordal kyrkje. Her henta han inspirasjon frå ein gammal kross som stod i Bjordal kyrkje før glasmaleriet vart teke i bruk i 1935. Erling fortel at han fann denne krossen i klokketårnet i kyrkja. Etter vask og vedlikehald står krossen no lagra i bårerommet ved sidan av kyrkja,

men Erling har ein draum om at den skal få plass i kyrkja igjen, og oppmodar soknerådet til å ta tak i dette!

Inspirasjonen til prosesjonskrossen i Ortnevik kyrkje henta Erling frå ein prosesjonskross som han såg i bruk på ei gudsteneste på TV. På krossen i Ortnevik kyrkje er det ein del utskjeringar, og til desse detaljane fekk Erling hjelp av Artur Szaprowski. Å samarbeide med han var gjevande, og Erling rettar ei stor takk til Artur.

Praten i stova går lett, og minne frå eit langt liv dukkar opp. Det er gode minne og minne som får tårene til å trille. For slik er det når ein har levd eit langt liv i lag; det er gode dagar og det er krevjande dagar. Ja, inni mellom kan dagane vere så krevjande at ein ikkje heilt veit korleis ein skal komme seg gjennom dei. Slike dagar har Erling og Gunlaug hatt siste åra. Saman fekk dei to barn, Arild Henning og Gunvor Beate, og for 1 ½ år sidan døydde sonen Arild Henning av kreft. Å miste eit barn og oppleve at rekkjefølgja ikkje er slik vi tenkjer at den skal vere, har vore tungt. Ja, framleis er det nærast uverkeleg for dei at Arild Henning er borte.



Saman har dei derimot klart å komme seg vidare, og det å ha familie og vener kring seg har vore til stor hjelp. No gleder dei seg også over at Arild Henning sitt minne lever vidare i form av to båtar som Osland Havbruk nyleg har fått. Osland Havbruk var gjennom ei årrekke Arild Henning sin arbeidsgjevar, og det å vere på sjøen og i båt var noko han sette stor pris på. At dei nye båtane har fått namnet Arild og Henning kjennest derfor både rett og godt.

For Erling og Gunlaug er kyrkja viktig, og når kyrkjeklokkene ringjer er dei som regel alltid på plass i kyrkjebenken. Etter at Arild Henning døydde er ein tur i kyrkja også ein tur på kyrkjegarden for å besøke grava. Livet vert aldri det same, men går vidare.

Helgestunder takkar Erling og Gunlaug for praten, og vi takkar Erling for gáva – ei gáve som alltid vil minne oss om Erling, skapande hender og ei levande tru.

MISJONSAVTALE I MALI

Draumar om fredssenter for fulanifolket

Lavik sokneråd har sidan 1994 hatt misjonsavtale med NMS og støtta deira arbeid blant fulania- ne i Mali. I år kan ein markere at det er 40 år sidan dette arbeidet starta.

På grunn av uro og terrororga- nisasjonar som er på frammarsj, er det farleg for folk frå Vesten å opphalde seg i landet. Frode Brügger Sætre er einaste norske utsen- ding der. Han kjem frå Austrheim i Nordhordland og kom til Mali første gong i 2008, men dei siste 4-5 åra har han vore stasjonert i eit av nabolanda. No held han til på Elfenbenskysten, med base nordvest i landet.

I eit intervju med Sætre i Misjonstidende står det.: Vest-Afrika-misjonær Frode

Brügger Sætre minner seg sjølv på at han må hugse å være takk- nemleg. Det er så lett å fokusere på problema og gløyme alt vi har å takke for.

– Eg har hatt god helse, det gjer at eg trivst og har det bra. Eg ser kor mykje det betyr. Som mis- jonær i Afrika er det ikkje sjølv- sagt, seier han.

På NMS sin Sommarfest og Generalforsamling i Bergen er Sætre ein av talarane. Der skal han mellom anna snakka om takksemd.

Guds leiing

NMS-utsendingen er takksam for at Gud har leia han til ein del strategiske personar der han arbeider. Det gjer at eg kan stå i rolla over tid og leve, bo og jobbe her. Han nemner spesielt vennen



Frode Brügger Sætre

«Seydo, ein fulani som har opna dører for evangeliet.

– Dersom du ein gang i framtida ser tilbake på arbeidet du har vore ein del av, kva håper du å kunne vere takksam for?

– Eg har ein visjon om at eg saman med «Seydo» og/eller andre kristne fulaniarar, kan bygge opp eit eller fleire fredssenter for fulanifolket. Dette skal vere ein fulani-plass med mange dyr, for fulaniane likar dyr. Det må vere ein tydelig fulaniplass, men også ein stad der ein møter kristen spiritualitet.

Sætre ser for seg kyr, mjølk og tedrikking, (like viktig som kaffi er for mange her) og matter på bakken der ein kan ligge og slappe av. Hit skal ein kunne komme og kjenne seg velkomen for kortare eller lengre tid – uansett med fokus på fellesskap.

Tekst: Stein Kristiansen/Toril Lange

Foto: Stein Kristiansen



NMS inviterer til spennande dagar i Bergen. Her vil ein møte medarbeida- rar frå samarbeidskyrkjer frå ulike deler av verda. Det er bibeltimar, talar og seminar i tillegg til forhandlingar. Eit av seminara er «Ny giv i menig- hetens misjonsavtale». Alle kyrkjelyder med misjonsavtale med NMS, kan sende 1 delegat med stemmerett. Ein kan vere med på byvandring. Fredag 26. juni er det konsert i Grieghallen med SKRUK, Sjøforsvarets musikk-korps og Lova, eit kor frå Madagaskar. Laurdag er det konsert med tvillingsøstrene Garnes. Meir informasjon om Sommarfesten/Generalfor- samlinga finn ein på nms.no/gf

PILEGRIMSVANDRING - TEMA PÅ KYRKJE- OG MISJONSDAG

Rundt femti personar var samla på Alværa i januar. Kystpilegrimsprest Einar Vegge fortalde om pilegrimsvandring før og no. I vårt område har vi nøkkelstader langs kystpilegrimsleia både i Gulen, Hyllestad, Kinn, Svanøy og Selja. Det kom også fram verdien av kortare lokale vandringar. Svanhild Ask fortalde om vandring rundt Alværa, til Olavskrossen i Korssund, og ho la inn eit godt ord for stiane på Kinn der kyrkja er open heile sommaren. Tore Brudvik gav oss innblikk i Kvamsøykyrkja si rolle då ferdsele gjekk langs Sognefjorden. I fleire år har ein hatt



organisert pilegrimsvandring på merka sti mot Kvamsøy ved olsoktid.

GUD TRONER OVER VÅRE LOVSANGER

Jeg var igjen på Alværa i januar i år. Jeg liker å spille salmer med alle som samles der. Noen bruker instrument og noen bruker sangstemme. Det vil si at vi alle bruker hva vi har og lover Gud sammen. Da kjenner jeg at Gud troner over våre lovsanger. Jeg



takker dere som lar meg bli med på dette.

Dette er fyrste avsnittet i eit innlegg Helgestunder mottok frå Keiko Matsui-Li etter samlinga på Alværa i januar.

Keiko har mykje interessant å fortelje om si reise i livet; geografisk, musikalsk og åndeleg. Dette vil de kunne lese meir om i neste nr av Helgestunder.

DET SKJER PÅ ALVÆRA

Laurdag 30. mai: Dugnad

Søndag 31. mai: Alvæ rastemnet

11.00: Gudsteneste

13.00: Middag

15.00: Ettermiddagskaffi m/ misjonsinnslag, årsmøte i Alværaforeininga, åresal

Familieleir: 5.-7. juni

Sommarhotell: 25. juni-28. juli

Sommarleir: 10.-12. august,

alder 2.-7. klasse

Hautleir: 5.-7. oktober, alder

2.-7. klasse

Meir informasjon: sjå nmsu.no eller ring Alværa 489 90 661.

GÅVE TIL KYRKJA

Er du av dei som vegrar deg for kyrkjegang fordi benkane er for harde å sitje på? No har du eit argument mindre for det på Kyrkjebø, - i alle fall om du møter tidsnok.

Kyrkjebø sanitetslag har gjeve ei stor gåve til kyrkja, idet dei i fjor haust heiv seg rundt og sydde 25 lause

sitjeputer i benkene. Dei gamle putene er også ei sanitetsgåve. Soknerådet vil rette ei stor takk til dei tre som sydde putene, og til heile Saniteten.

Soknerådet



Sy-damene er Lill Staalnakke, Ingrid Osen og Karin Berge.

MAT OG PRAT OG 40-ÅRSDAG

2 gonger i året inviterer soknerådet til Mat og Prat på Alværa; ein i februar og ein i oktober. Vi startar med å ete kvelds i lag medan praten går om laust og fast rundt borda. Deretter samtaler Geir Sørebo om livet, trua og tvilen med ein person. Denne gongen var samtalepartnar Jan Erik Søreide.

Han er ein lidenskapeleg hjortejegar og delte meir eller mindre sanne jakthistoriar. Jan Erik



fylte 40 år den dagen og han og familien la siste delen av feiringa til Mat og Prat. Difor vart det både fødselsdagsong og kake.

TÅRNAGENTHELG

Det har vorte ein tradisjon at soknerådet inviterer til tårnagenthelg i januar. Slik også dette året.

Denne gongen var det dei som gjekk i 2. klasse som fekk tilbodet. Aktive, positive og ivrige tårnagentar løyste oppdraga på ein flott måte. Dei kom seg gjennom labyrinten, dei fekk mange agenttips, dei undersøkte kva som var i kyrkja og åt agentmat. Høgdepunktet var nok turen opp i tårnet der dei såg både flaggermus og edderkoppar, men heldigvis var ikkje alle levande.

Søndag var tårnagentane klare til tårnagentgudsteneste der dei var svært aktive som for-



songarar og var med å lage til bønnevandring.

Jesusforteljinga på gudstenesta var om då Jesus var i bryllaup og gjorde vatn om til vin. Vi lærte at Jesus syner omsorg og bryr seg om oss.

Takk til flotte agentar og til Haldis Maria som var englevakt og ein medhjelpar.



Agenttipset: Samarbeid.

TORDAGSTACO

I haust inviterte Lavik soknerådet til fredagstaco på Alværa. Oppslutnaden og responsen var så god, at det freista til gjentakning. Difor inviterte soknerådet til taco nok ein gong, men denne gongen på ein torsdag. 36 personar i alderen 2 år til 80 år sette seg til bords.

Tema for samlingsstunda var å dele. Delesongen og dansen som mange av borna hadde lært på leir, engasjerte også dei yngste. Å dele er også ein del av fasteaksjonen, - vi kan dele det vi har fått, slik at fleire kan få reint vatn. Torsdagstaco vart avslutta med is/kjeks og kaffi og saft. Det er viktig med slike litt uformelle møtestader, der ein kan samle heile storfamilien og der det er tid til prat og lek.

JULAFTANGUDSTENESTA

I fleire år har familiegudstenesta på julaftan vore ei gudsteneste utan at nokon tilsette medverka. Men soknerådet har tatt ansvar og gjort gudstenesta om til eit samarbeidsprosjekt der mange bidreg. Både born, unge og vaksne gjer sitt til at vi kan få ei flott start på julefeiringa. For mange familiar er dette no ein sjølv sagt og viktig del av julefeiringa.

I fleire år har Katrin, Eirin og Marita Borlaug hatt ansvar for musikken, med både piano og blåseinstrument. Likeins har borna vore med på julespelet og har hatt roller som Maria, Josef, gjetarar, englar og vise menn. Og når ungdomar vert utfordra til å lese, ja då er det lett å få ja.



KARNEVAL I ORTNEVIK KYRKJE



ÅRSMELDINGA FOR LAVIK SOKN

Kyrkjelyden sitt årsmøte vert halde 25. mars i samband med årsfesten. Vi tar med siste avsnitt av årsmeldinga der soknerådet har ei oppsummering med tanke på kva som fungerer og utfordringar vidare.

Dette synest vi fungerer:

- Mat og Prat og tacokveld på Alværa er suksess.
- At ungdom som har flytta vekk kjem tilbake og deltek i aktivitetane vi har.
- Vi synest vi er blitt gode på å treffe med aktivitetar for folk i alle aldrar, og at vi har fleire aktivitetar for heile familien. Mange av aktivitetane har blitt eit godt samlingspunkt for folk i bygda.
- Har stort sett hatt godt oppmøte på aktivitetane.

Dette kan vi gjere betre:

- Vurdere å variere litt tidpunkt på Myldresamlingane for å gjere det enklare for dei som har lang reiseveg. Då går det an å starte med mat/middag, før vidare opplegg. Halde fram med å utfordre andre enn oss i soknerådet både som kyrkjevert og til matlaging i forbindelse med Mat og Prat, tacokveld osv.

På kyrkjebakken

Velkommen til dugnader på gravplassane

Det vert tradisjonell dugnad på gravplassane også i vår. Kva dagar det blir er litt veravhengig, så følg med på plakatar og i sosiale medier. Takk til alle som trufast møter opp, og velkommen til nye som vil ta med arbeidsreiskap og godt humør og bli med i fellesskapet!

Soknerådet vektlegg at dugnaden også skal vere ei sosial samling.



Frå dugnaden på Kyrkjebø i 2025.

Påskeaftan på Kyrkjebø

På Kyrkjebø er det påskennattsgudsteneste. Dette er ei synleggjering av det som er hovudbodskapen i vår lære og tru, nemleg overgangen frå djup fortvilning og mørke for menneska - til gleda ved lyset og frelsa som kom i oppstoda påskemorgonen!

Denne messa har etter kvart vorte ein tradisjon påskeaftan. Dersom den er ny for deg, så lat dette verte fyrste gongen du og dei du tek med deg får oppleve dette.

Ein eigen liturgi og stemning i kyrkja gjer at kanskje vil du sjå det alltid like store underet i påskebodskapen med nye auge denne kvelden. Mørket vert til lys, og lovsongen fylgjer oss or kyrkja, og ut i vinter/vårkvelden.

Soknerådet

Bjordal BRETTSPEL

har blitt populært, kanskje som ein reaksjon mot all skjermbruken i dag. Soknerådet, saman med pensjonistlaget, inviterer i vinterhalvåret til brettspel-samling ein gong i månaden i Gamlebanken i Bjordal. Måndag 20. april kl. 11 kan du møte fram til ei roleg stund med sosial kontakt.



Friluftsgudstenester på Sørsida

Søndag 26. april markerer vi skaparverkets dag på dagsturhytta på Åsenutsikta kl. 16. Natursti og grilling.

Olsokgudstenesta 29. juli kl. 18.00 på Sande fell i år på ein onsdag. Velkommen til ei gudsteneste ved fjorden under dei vakre bjørketrea. Under kaffien er det god tid til ein prat på kyrkjebakken.

Påskesamling

Skjærtorsdag kl. 16.00 blir det påskesamling for små og store i Ortnevik kyrkje. Då kan du vere med på ein gjennomgang av påskedramaet frå palmesøndag til påskedag gjennom tekstar, song og musikk. Etterpå er det kyrjekaffi og ope bibliotek i grendahuset.

Open kyrkje

i Ortnevik kvar fredag i skuleferien frå kl. 16.00 til 18.00. Turistar og fastbuande er velkomne til å vere i det vakre kyrkjerommet og finne ro til kvile og ettertanke.

NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

2026 har starta tørt og vinterleg. Fleire veker med sprengkulde og tørt vēr har gitt oss ein spesiell start på året. Der austavinden får tak, har denne også vore med og setje preg på vintermånadane. Samla synes dette godt att på straumforbruket. Men også instrumenta i kyrkjene likar denne type vēr dårleg. Når treverket tørkar opp vert instrumenta ustemt, mekanikk endrar eigenskapar og fungerer ikkje skikkeleg. Heldigvis har det ikkje vore så tett med gravferder, og dei som grev grave- ne har klart å gjere jobben utan større vanskar. Det handlar om å få legge på varmen tidleg slik at telen blir tint.

Eg har fått spørsmål om kven som har ansvaret for at blommar og kransar blir tekne av grava, når dei har tent si tid. Svaret er at korleis det ser ut på grava i høve blommar og pynt, er dei etterletne sitt ansvar. Sløyfene bør takast av snarast, for dei kan fare med vinden. Dei blir også fort stygge. Når det er tid for å ta bort kransane er litt smak og behag, men har og mykje med vēr og kva type blommar som er valde.

For mange, særleg dei som ikkje bur nær gravsta- den, skaper dette utfordringar. Då er spørsmålet om ein kjenner nokon ein kan spørje om hjelp. De kan og ringe kyrkjekontoret, så kan me finne nokon som kan stikke innom gravplassen og rydde bort bloma-

ne. Når grava har sett seg og kommunen vil jamne til og så, vil dei uansett fjerne det som ligg att.

Ei anna løysing kan vere å la blomane heilt eller delvis følge med kista i grava. Mange stader er dette vanleg, og då blir det mindre å passe på. Om dette er den beste løysinga for deg, så avtal det med gravferdsbyrået.

No er det tid for vårstell på gravene. Då er det fint om du tenker på at plassen i bossdunkane er avgrensa. Prøv å minimalisere volumet på det du kastar og hjelp oss å halde det ryddig rundt boss- dunkane. Men det er også fint om du seier frå til oss eller til dei etterletne, dersom du ser noko som ikkje verkar vere greitt på ei grav.

No har eg god hjelp av Aya - Fatima Shaaban, som er engasjert mellombels sidan den faste sekretæren vår har fødselspermisjon. Jobben på kyrkjekontoret er samansett og det er mykje å setje seg inn i.

Gravplassane og kyrkjene er viktige felleseige. Eg opplever eit stort engasjement og set pris på det. Vedlikehald må gjerast, men det krev tid og over- sikt å planlegge. Mykje stell blir gjort på dugnad, og det er kjærkomen innsats. De må halde fram å gi meg beskjed når de ser noko som skulle vore gjort, men og vere tolmodige; ting tek gjerne meir tid enn ynskjeleg.



VIL DU VERE MED Å BIDRA TIL INNHALDET I HELGESTUNDER?

Har du ei god historie frå arbeidet i kyrkja, ein aktivitet du vil gjere betre kjent, ei anekdote som fleire har glede av å lese? Frist for innsending av stoff til neste nummer vert 15. mai, - send til kyrkjekontoret: post.hoyanger@kyrkja.no

I glede og sorg

DØYPTE

Bjordal

Nora Opheim Søreide 18.01.2026

Høyanger

Felix Kvist Våge 26.10.2025

Ingrid Aardal Fjelde 22.02.2026



DØDE

Høyanger

Sigrun Solvorn	11.03.1933 - 13.10.2025
Tora J Rørvik	29.05.1932 - 16.10.2025
Thordis J Baggetun	20.03.1940 - 10.11.2025
Terje Gandrud	10.06.1949 - 12.11.2025
Sigmund Leiv Hagen	03.08.1933 - 21.11.2025
Liv Marit Hjetland	20.05.1950 - 26.11.2025
Bjarte Solaas	13.02.1951 - 19.11.2025
Solveig Mulehavn Haaheim	23.02.1924 - 23.12.2025
Gunnar Kjell Torvund	25.04.1941 - 17.12.2025
Per Varden	29.04.1929 - 30.01.2026

Kyrkjebø

Anny Daae	31.05.1927 - 26.10.2025
Ingrid Fureli	07.04.1972 - 20.02.2026

Vadheim


Kirsten Helene Løbø	11.03.1933 - 11.02.2026
Bodil Hovland	22.03.1923 - 15.02.2026

Lavik

Torbjörg Martina Alværn	05.02.1932 - 14.11.2025
Judith Johanne Avedal	27.08.1950 - 15.11.2025
Sigrun Alise Takvam	04.11.1941 - 16.11.2025
Vigdis Vik Aven	24.02.1947 - 03.12.2025
Einar Martin Baug	31.10.1947 - 27.12.2025

Bjordal

Grete Aakre	24.02.1939 - 12.01.2026
-------------	-------------------------



*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.*

Gudstenester

2. APRIL: SKJÆRTORS DAG

Kl. 16, Ortnevik: Påskesamling. IC Fitje / A Brekke

4. APRIL: LAUR DAG

Kl. 23:30, Kyrkjebø: Påskennatt. A Ester/Gro Gunnarson

5. APRIL: 1. PÅSKEDAG

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste. IC Fitje / H Dahlstrøm
Kl. 14, Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm
Kl. 16, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / P Jobbagy

19. APRIL: 3. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 11, Høyanger: Gudsteneste. A Ester / H Dahlstrøm

26. APRIL: 4. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 12, Alværa: Gudsteneste (minikonfirmantleir)
Kl. 16, Søreide: Dagsturhytta. IC Fitje / P Jobbagy

2. MAI: LAUR DAG

Kl. 11, Høyanger: Konfirmasjon. A Ester / H Dahlstrøm
Kl. 13, Høyanger: Konfirmasjon. A Ester / H Dahlstrøm

9. MAI: LAUR DAG

Kl. 11, Kyrkjebø: Konfirmasjon. A Ester / H Dahlstrøm
Kl. 13, Vadheim: Konfirmasjon. A Ester/H Dahlstrøm

10. MAI: 6. SØNDAG I PÅSKETIDA

Kl. 11, Bjordal: Konfirmasjon. IC Fitje/P Jobbagy

14. MAI: HELGETORS DAG

Kl. 11, Lavik: Konfirmasjon. IC Fitje / P Jobbagy

17. MAI: SØNDAG FØR PINSE / NASJONAL DAGEN

Kl. 11, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / P Jobbagy

Kl. 13, Ortnevik: Gudsteneste. IC Fitje /

Kl. 13.15, Lavik: Gudsteneste. K Hjelmeland / P Jobbagy

Tidspunkt under:

Sjå 17. mai programma:

Gudsteneste Vadheim. A Ester / H Dahlstrøm

Gudsteneste Kyrkjebø. A Ester / H Dahlstrøm

25. MAI: 2. PINSEDAG

Kl. 15.15, Måren: Friluftsgudsteneste (konfirmasjon)
A. Ester / H. Dahlstrøm

31. MAI: TREEININGSSØNDAG

Alværa stemnet

7. JUNI: 2. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 12, Høyanger: Gudsteneste. A. Ester / H. Dahlstrøm

Kl. 15, Norevik: Friluftsgudsteneste. IC Fitje / H Dahlstrøm

14. JUNI: 3. SØNDAG I TREEININGSTIDA

Kl. 11, Bjordal: Gudsteneste. IC Fitje / P Jobbagy

Sjå annonsering, plakatar og heimesidene våre for gudstenester i sommarferien.



NB: Det kan skje endringar! Følg med på Facebook, plakatar eller på: www.kyrkja/hoyanger

Gudstenestene i påska:

2. april: Skjærtorsdag

Kl. 16, Ortnevik: Påskesamling.

IC Fitje / A Brekke

4. april: Laurdag

Kl. 23:30, Kyrkjebø: Påskennatt.

A Ester / Gro Gunnarson

5. april: 1. påskedag

Kl. 11, Lavik: Gudsteneste.

IC Fitje / H Dahlstrøm

Kl. 14, Høyanger: Gudsteneste.

A Ester / H Dahlstrøm

Kl. 16, Bjordal: Gudsteneste.

IC Fitje / P Jobbagy

Velkommen til kyrkja!

Foto: Den norske kyrkja / Terje Peersen